



Arkivsaknr: 2024/11412-26
Sakshandsamar: Leif Bjørnar Hopland
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Ungdomsråd	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om skulekrinsar i Alver kommune vert vedteke.

Elever frå Leiknes skulekrins kan, etter søknad og om det er kapasitet, få plass ved Knarvik ungdomsskule. Elevane får innvilga skyssrett som om det skulle vere deira nærskule.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for levekår.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Kommunestyret i Alver har 24.10.2024 vedteke ny barnehage- og skulebruksplan med endringar i grunnskulestrukturen. På bakgrunn av vedtaket blir det lagt fram framlegg til ny lokal forskrift om skulekrinsar i Alver kommune. Ny lokal forskrift vil erstatte noverande forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Ny opplæringslov har tredd i kraft 01.08.2024. Det er i lova opna for at kommunane kan fastsetje lokal forskrift om krinsgrenser heimla i opplæringslova § 2-6. Det er eit krav i ny

opplæringslov at lokale forskrifter knytt til opplæringslova skal kunngjerast i Norsk Lovtidend (Lovdata).

Den lokale forskrifta skal ivareta elevane sine rettar til å gå på ein skule i nærområdet (nærskulen), gjere det føreseieleg og sikre likehandsaming ved tildeling av skuleplass. Forskrifta gjev informasjon om skulen sitt opptaksområde og reglar for skulebyte.

Framlegg til lokal forskrift har vore på høyring. Frist for å gje tilbakemelding var 10.01.2025.

Vurderingsgrunnlag

Kommunestyret har vedtatt ny skulebruksplan om kva skulestruktur vi har i Alver. Forskrift om skulekrins avgjer, ut frå skulestrukturen, kva som er nærskulen til elevane. Kommunen kan også tildele skuleplass utan å fastsetje lokal forskrift om krinsgrenser, men må då alltid fatte enkeltvedtak om kva skule eleven skal gå på. Dei alle fleste kommunane fastset av den grunn lokal forskrift om krinsgrenser.

Framlegg til ny lokal forskrift har no vore på høyring. I framlegget kjem det fram kva skulekrinsar som er i Alver, basert på vedtatt skulestruktur, og korleis ein skal handtere søknader om byte av skule.

Det er kome inn 22 høyringssvar. Høyringssvara er vedlagt.

14 av svara omhandlar framlegget til endring av opptaksområde for Ostereidet ungdomsskulekrins. Fleire av innspela vektlegg utfordringar med å endre opptaksområde for elevane på Leiknes frå Knarvik ungdomsskulekrins til Ostereidet ungdomsskulekrins. Det vert vist til utfordringar med lengre reiseavstand samt at busstilbodet til Ostereidet er lite tenleg. Nærleiken til Knarvik, og bruk av fritidsaktivitetar og andre tenester i Knarvik, vert vektlagt. Det vert og vist til at mange av elevane i Leiknes barneskulekrins tidleg knyter relasjonar til elevar frå andre krinsar som skal byrje på Knarvik ungdomsskule. Knarvik ungdomsskule vert for dei fleste i denne barneskulekrinsen opplevd, som nærskulen i ungdomsskuletida. Dette, meiner dei, må tilleggjast særleg vekt.

Andre innspel vektlegg at det som talar for at Leiknes skule skal bli del av Ostereidet ungdomsskulekrins, er at denne ungdomsskulen er mindre og har betre kapasitet enn Knarvik ungdomsskule. Det vil vere ein fordel med auka elevtal på Ostereidet for å sikre god og stabil framtidig drift. Høyringsinnspel har også tatt opp utfordringar med større elevmiljø ved Knarvik ungdomsskule. FAU ved Ostereidet ungdomsskule skriv at det vil vere gunstig med auka elevtilfang til skulen for dei elevane som går der i dag. Dette vil vere med å avhjelpe Knarvik ungdomsskule som i dag er overfylt. SU/SMU ved Ostereidet Ungdomsskule har dei same vurderingane. Begge viser til at ein må få på plass ei god og tenleg skulebussrute som sikrar så kort reiseveg som mogleg. Også Utdanningsforbundet v/Kløvheim skule er uroa over at elevgrunnlaget ved Ostereidet ungdomsskule vil bli for lågt til at ein ungdomsskule kan oppretthaldast om ikkje skulen blir styrkja med elevtilfang frå Leiknes skulekrins. Det vert peika på at det er behov for å utvida ungdomsskulekrinsen og sjølv om det er forventa utbygging og vekst i Eikangerkrinsen. Dei viser også til

kapasitetsutfordringane ved Knarvik ungdomsskule, -og meiner ein vil unngå kostnadskrevjande utbyggingar ved skulen om elevar frå Leiknes kan nytta Ostereidet som ungdomsskule.

FAU v/Kløyheim skule er ikkje nøgd med at elevar frå Kløyheim skal tvingast over på Eikanger skule. Det vert blant anna vist til dårlege undervisningslokale på Eikanger. Dei viser vidare til at foreldregruppa er delt der fleirtalet ønskjer at elevane skal gå på Ostereidet barneskule, medan andre vurderer at dei må velje Eikanger skule for å få logistikken i kvardagen til å gå opp. FAU foreslår av den grunn at det skal vere eit val kva skule elevane kan gå på, Eikanger eller Ostereidet. Uavhengig av val skal ein ha rett til fri skuleskyss. Dei meiner også at forslag som ligg i § 8, om når elevar har rett til fri skuleskyss, er diskriminerande. Dei meiner at det blant anna ikkje bør vere ulik handsaming av elevar som vel private skular og elevar som får skulestad på annan offentleg skulestad enn nærskulen.

SU v/Kløyheim skule er samd i at det er viktig å oppretthalde og styrkje ungdomsskuletilbodet på Ostereidet, og at foreslått endring av ungdomsskulekrinsen vil vere positivt. Dei knyt denne vurderinga og til forventta vekst i Eikanger-området samt at det vil vere uheldig å ikkje leggje til rette for styrking av ungdomsskuletilbodet i krinsen om ein forventar vekst. Også SU viser til kapasitetsutfordringane ved Knarvik ungdomsskule og eventuelle kostnadskrevjande utbyggingar.

Kløyheim skulekorps meiner dagens Kløyheim skulekrins bør leggjast inn under Ostereidet skulekrins. Dei viser til samarbeid mellom skulekorpsa i dei noverande krinsane og at det vil lette vidare samarbeid og rekruttering om elevar frå Kløyheim for framtida tilhøyrer Ostereidet barneskulekrins.

SU v/Leiknes skule løfter fram at dei opplever at deira barneskulekrins har delte meiningar om tilhøyre til Ostereidet og Knarvik ungdomsskulekrinsar. Dei viser til at det for mange foreldre og elevar er eit sterkt ønske om å halde fram med ordninga ein har i dag med Knarvik som ungdomsskulestad, men med høve til å velje Ostereidet for dei som ønskjer det. FAU og SU ser at det vil vere ein del positive grunnar til å velje Ostereidet og vektlegg både betre kapasitet -og eit meir oversiktleg og opplevd tryggare miljø for mange. Samstundes viser dei til at det er mange som opplever ei sterk kjensle av tilhøyrsløshet til Knarvik, og at mange derfor ser det som naturleg å reise og ha tilknytninga den vegen. Elevane sjølve ønskjer mest av alt å få gå til Knarvik sjølv om dei og framhevar kvalitetar ved Ostereidet som t.d. betre plass, kjekke aktivitetar og symjebasseng. Dei viser og til at då det kvart år er mange som vel Danielsen ungdomsskule frå denne skulekrinsen, er det ikkje så mange elevar det er snakk om. Desse må kunne få ha valfridomen til å velje kva ungdomsskule dei skal gå på.

FAU v/Sæbø skule meiner at det å foreta justeringar av krinsgrensene kan vere ein nøkkel til betre ressursutnytting av skulane slik dei står i dag. Dei viser til god kapasitet ved skulen samstundes som Manger skule har kapasitetsutfordringar og skulebygg som er i dårleg stand. FAU viser til at det kan vere mogleg å foreta grensejusteringar mellom Sæbø og Manger, og at dette ikkje vil få store konsekvensar for kva som vil vere opplevd nærskule for innbyggjarane i dette området. Grensejusteringar kan og vere aktuelle mellom Sæbø og

Austebygd krinsar. Samla foreslår dei ei utviding av Sæbø barneskulekrins i retning Manger, Austebygd og Kalnes. Dei foreslår at det bør gjennomførast ei ny høyringsrunde der ein får vurdert nærare dei ulike moglegheitene Sæbø skule sine krinsgrenser vil kunne gje.

Felles uttale etter prosessar frå FAU, SU og SMU v/Sæbø skule: I prosessen er elevane og føresette sine stemmer invitert inn. Ved Sæbø skule er det i dag god kapasitet, og skulen er i praksis fådelt. Det er ønskeleg at elevmassen vert auka slik at ein får ein fulldelt skule. Dei viser til at det kan vere aktuelt å utvide skulekrinsen mot Manger, Sletta og Alversund. Det vert nemnt Kartveit, Kviste og Kolstad som aktuelle område i tillegg til deler av Austebygd-krinsen. Dei er tydeleg på at 1) Sæbø skule har kapasitet til å auke tal elevar og 2) dei som bur i «grenseområda» må få uttale seg i saka.

Elevane på 5.-7. trinn ved Austebygd skule er glade for at det er bestemt at heile skulen skal få gå samla på Hordabø skule. Førebuingane er alt i gong, og ein del har relasjonar til elevar og lærarar på Hordabø skule. Skulekorps og fotball er blant felles aktivitetar som er nemnt. Dei er uroa over at elevane vil bli splitta om elevane ikkje får gå samla til Hordabø, og meiner at det ikkje skal gå ut over dei om det ikkje er plass til å ta i mot dei på Hordabø skule.

Personalet v/Austebygd skule ønskjer i sitt høyringssvar å understreke at elevane ved Austebygd skule, som no skal bli lagt ned, må sikrast felles tilhøyrsløse på same skule. Elevane bur noko spreidd på Sletta, og dei er uroa over at endringar i krinsgrenser kan gå på tvers av noverande Austebygd skulekrins.

SU v/Vestbygd skule har handsama saka, men har ikkje innspel til endringar i framlegget til lokal forskrift.

Partar

Saka vedkjem elevane i dei kommunale grunnskulane i kommunen.

Vurdering

Elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Denne retten gjev uttrykk for det såkalla nærskuleprinsippet. Skulen skal vere eit fast haldepunkt i nærmiljøet til eleven, og skal sikre at barn som bur i det same området skal få gå på ein skule som ligg i deira naturlege nærmiljø, jf. prop. 57 L (2022-2023) s. 91 og 571. Med nærleik meiner ein den fysiske avstanden i form av reiseveg, ikkje luftline jf. prop. 57 L (2022-2023) s. 92. Kommunen kan i tillegg leggje vekt på andre forhold som kan påverke kva skule som reelt sett vert opplevd som nærast.

Det betyr at ein i fastsetjing av krinsgrenser skal leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen til eleven, men og omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på den einskilde skule (jf. oppl. § 2-6).

Ostereidet ungdomsskulekrins

I framlegg til nye kringsgrenser er det foreslått å justerer grensene for opptak for Knarvik og Ostereidet ungdomsskular slik at elevane frå Leiknes går til Ostereidet ungdomsskule. I dag går elevane til Knarvik ungdomsskule, men kan søkje om, og få innvilga, plass på Ostereidet om dei ønskjer det. Bakgrunn for forslaget er både kapasitetsutfordringar i Knarvik samt utfordringar ved å stette krava til fagkompetanse og eit tilstrekkeleg fagmiljø på Ostereidet. Samla sett vil dette kunne gje større likeverdig tilgang til dei samla skuleressursane i kommunen.

Etter tidlegare lovverk og tolkingsuttalar frå Utdanningsdirektoratet, kunne kommunen berre leggje vekt på kapasiteten på ein skule viss ein skule var full. Dette er no endra slik at ein kan vektleggje kapasitet uavhengig av om ein skule er full eller ikkje. Kommunen skal ha handlingsrom til å gjere individuelle tilpassingar basert på personalressursar og dei materielle og økonomiske ressursane i skulen og kommunen, jf. prop. 57 L (2022-2023) s. 92. Det kan ikkje leggjast vekt på omsyn i strid med retten til å gå på nærskulen. Døme på det kan vere å samle elevane med funksjonsnedsetjing, eller at opptaksområde (kringsgrensene) blir endra ut over det som blir oppfatta som det naturlege nærområdet til elevane for å vidareføre skular med svakt elevgrunnlag.

Det er ulikt kva som blir opplevd som det naturlege nærmiljøet for elevane på Leiknes. Dette kjem og fram i uttalanane frå innbyggjarar og SU v/Leiknes skule. Mange elevane har alle sine fritidsaktivitetar og større venemiljø i Knarvik/retning Knarvik. Knarvik-Alversund-Frekhaug området er møteplass på fritida for svært mange av innbyggjarane i Alver kommune. Samstundes er det ein del familiar og elevane som opplever eit større dagleg tilhøyr den andre vegen – mot Ostereidet. Men det er større avstand til Ostereidet enn Knarvik, nær det doble. Skulebussrutene er bygd opp kring noverande krinsstruktur og særleg transport innover Osterfjorden kan opplevast som unødig lang. Endring i krinsstruktur vil bety at ein saman med Skyss vil måtte sjå kva alternativ som vil vere best tenleg innafor det som er pårekneleg reiseavstand for ungdomsskuleelevar. Skyss opererer med ei ytre ramme for akseptabel reisetid inkludert gangtid, ventetid og tid med transportmiddel på 75 min for ungdomsskuleelevar.

Det er ønskjeleg at ungdomsskulane er av ein viss storleik. Ostereidet har eit lågt elevtal, rundt 95 elevane går på skulen våren 2025. Prognosar viser at elevtalet skal ned fram mot 2042 til 73 (jf. talgrunnlag i barnehage- og skulebruksplanen). God utnytting av ressursar, eit variert tilbod og tilfang av fag vil vere utfordrande. Om alle elevane frå Leiknes får Ostereidet som ungdomsskule, vil dette vere med på å styrkje tilbodet på skulen. Samstundes er ikkje elevtalet så stort på Leiknes at det i tilstrekkeleg grad vil kunne kompensere for den generelle elevtalsnedgangen i dei andre barneskulekrinsane som har Ostereidet som opptaksområde. Ein stor del elevane frå Leiknes vel og å gå på Danielsen ungdomsskule. Samstundes vil det å flytte elevane frå Knarvik til Ostereidet i nokon grad kunne avhjelpe kapasitetsutfordringane i Knarvik.

Alle elevane vil kunne søkje om å få gå på anna skule enn nærskulen. Viss kommunen har ein kringsgrensestruktur som gjer at mange vil kome til å søkje om å gå på anna skule enn det som er nærskulen, vil dette kunne skape usikkerheit blant innbyggjarane i aktuelle område. Kommunen skal også ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne sakshandsame søknadane. Det er pårekneleg at mange vil søkje om å gå i Knarvik viss nærskulen vert Ostereidet ungdomsskule. Ei løysing kan vere å halde fram med dagens ordning men med Ostereidet ungdomsskule som nærskulen og at ein kan, etter søknad, få plass i Knarvik så lenge det er kapasitet der. Då vil ein ha ein viss kapasitetskontroll, men samstundes sikre ei så fleksibel ordning for innbyggjarane som råd. For

skulane er det viktig for planlegginga og disponeringa av ressursar for komande skuleår, å kjenne til elevgrunnlaget så tidleg som mogleg. Det kan vere utfordrande for Ostereidet ungdomsskule om det ikkje er kjent for skulen tidleg kor mange elevar frå Leiknes som skal starte på 8. trinn til hausten. Dette kan løysast ved å ha tidleg frist for å søkje om å få gå i Knarvik. Det er ønskjeleg å unngå at elevar byter skulestad fram og tilbake. Har eleven fått skulestad på Knarvik ungdomsskule vil dette vere eleven sin nærskule. Om eleven ønskjer å byte til opphavleg nærskule på Ostereidet, må dette søkjast om og handsamast individuelt. Kostnader ved skuleskyss er ei fordeling mellom fylkeskommunen, administrert av Skyss, og kommunen. Utgangspunktet er skuleskyss til/frå nærskulen til eleven. Om elevane frå Leiknes skule blir gjeve eige skyssrett til Knarvik ungdomsskule i den lokale forskrifta, vil dette ikkje medføre auka kostnader for kommunen. Dette skuldast og at dette ikkje medfører auka kostnader og endringar av eksisterande skyssruter for fylkeskommunen.

Skulekrins for elevar frå Kløvheim

FAU v/Kløvheim skule foreslår at det skal vere fritt for elevane frå tidlegare Kløvheim skulekrins kva barneskule dei kan gå på, Eikanger eller Ostereidet, og at det blir sikra skyssrett til begge skulane. Om ein skal gje ein slik rett, bør det vere knytt til skulestartarar slik at valet blir avklart før skulestart. Samstundes vil det då vere riktig å gje den same retten og til elevane frå Eikanger skule. Det må då vurderast om ein skal gje ein slik rett til skulestad på Leiknes. Dette vil særleg gjelde for elevar frå Eikanger skulekrins. Elevar frå Eikanger og Kløvheim har i stor grad same relasjon til skulane på Ostereidet. Elevane frå begge skulane vil ha same tilhøyrsløst til idrett, korps og andre aktivitetar saman på Ostereidet og andre stadar i krinsane. Elevane vil gå saman med elevar frå Ostereidet barneskule og Leiknes skule på Ostereidet ungdomsskule.

Dei fleste elevane vil ha behov for transport til skulen. Om elevane frå Kløvheim skal få valet om å gå på Ostereidet barneskule, vil det i praksis bety at elevar køyrer forbi den næraste skulen i sitt nærmiljø til ein annan skule i kommunen. Eikanger og Ostereidet barneskular har begge i dag eit elevgrunnlag godt under 100 elevar. Ostereidet har våren 2025 83 elevar. Eikanger har 74. Prognosane i barnehage- og skulebruksplanen viser at elevgrunnlaget vil bli redusert i åra framover for begge skulane. Frå Kløvheim vil grunnlaget vere ca. 25 barneskuleelevar. Plass og kapasitet på skulane er handsama i skulebruksplanen. Skular med lågt elevtal vil kunne oppleve utfordringar med å utnytte samla kapasitet og ressurstilgang. Ein konsekvens av å la elevane frå Kløvheim gå på Ostereidet barneskule, vil vere at Eikanger skule får eit ytterlegare svekka elevgrunnlag i tillegg til den venta elevtalsnedgangen innafor dagens kringsgrenser.

Ein kan gje elevar rett til å gå på andre barneskular enn nærskulen. Dette er og noko som har vore praktisert tidlegare, t.d. for elevar frå tidlegare Natås skulekrins som har kunna velje mellom Myking og Lindås barneskular. Ungdomsskulen har vore den same. Samstundes bør kringsgrensa vere eit uttrykk for den gjeldande skulestrukturen. Å gje innbyggjarar i nokre område i kommunen høve til å velje skulestad, medan andre ikkje får dette valet, kan vere utfordrande for ei likehandsaming av elevane i kommunen. Det er nyleg vedtatt ny struktur og elevane har ein skule i sitt nærområde. Kommunestyret har

gjort vedtak i barnehage- og skulebruksplanen om at elevar frå Kløvheim skule skal bli overført til Eikanger skule og ein foreslår at kringsgrensene følgjer skulestrukturen i vedtaket.

Krinsane på Radøy

Sæbø barneskule er og ein skule som opplever nedgang i elevtal samstundes som det er god fysisk kapasitet. Frå FAU og SU er det løfta fram om ein må sjå på justeringar av kringsgrensene mot dei tre krinsområda dei grensar til. Desse områda er forholdsvis tynt befolka. Frå Austebygd skulekrins har både elevar og tilsette uttrykt uro over at denne krinsen vil bli splitta og ikkje få gå samla til Hordabø. Det kan vere grunn til å sjå på justeringar av kringsgrensene mellom barneskulane på Radøy. Sjølv om det ikkje har kome innspel i høyringsrunden, er det særleg områda mellom Hordabø og Manger der det blir opplevd og forventet av innbyggjarane at ein i realiteten har eit fritt val. Dette har kome til uttrykk også inneverande år ved at kommunen har mottatt fleire søknader om endra skulestad frå dette området.

Over tid bør det sjåast på kringsgrensene på Radøy. Men dette vil vere avhengig av kapasitet. Det vert av den grunn foreslått å vente med forslag om eventuelle justeringar i krinsane på Radøy.

Det har ikkje kome inn innspel til høyringa frå dei andre skulekrinsane. Det skal gjennomførast moglegheitsstudie knytt til fleire av skulane i Alver. Truleg vil dette medføre behov for å sjå på kringsgrenser for barne- og ungdomsskular på nytt. Til dømes vil ei vurdering av kringsgrensene for Sagstad og Knarvik barneskular også ha betydning for ungdomsskulekrinsane i området. Knarvik ungdomsskule har i dag kapasitetsutfordringar og vidare arbeid med Meland ungdomsskule vil ha betydning for Rossland barne- og ungdomsskule samt dei andre barneskulekrinsane i dette området.

Det er heller ikkje kome inn innspel i høyringa som gjeld handteringa av søknadar om skulebyte. Individuelle søknader skal kunne vurderast etter gjeldande kriterium.

Kart foreslåtte kringsgrenser:

Barneskulekrinsar: <https://www.nordhordlandskart.no/share/5368d194b02e>

Ungdomsskulekrinsar: <https://www.nordhordlandskart.no/share/be6f73d39869>

Økonomiske konsekvensar

Det vil ikkje medføre auka kostnader for kommunen om elevane frå Leiknes skule får eit val mellom Ostereidet ungdomsskule og Knarvik ungdomsskule.

Skyssrett er knytt til nærskulen. Om ein i lokal forskrift gjev elevar val mellom to skular og gjev skyssrett til begge vil det utløyse fylkeskommunal skyss. Men dersom det må til kompliserte og utfordrande transportløyisingar for å få til desse ordningane, vil ein etter dagens praksis måtte vere i dialog med Skyss om eventuell deling av kostnader. Dette kan få innverknad dersom elevar frå Kløvheim får høve til å velje skulestad. I førebels kommunikasjon med Skyss om eventuelle transportløyisingar, er det signalisert at ein slik

løysing kan medføre deling av skysskostnader. Særleg har dette betydning om kommunen ønskjer betre transportordningar enn det som Skyss kan tilby.

Miljømessige konsekvensar

All transport har ein miljøkostnad. Utvida reisetid til/frå skulen vil ha miljømessig konsekvens.

Kommunedirektøren si tilråding

Det er nyleg vedtatt ny barnehage- og skulebruksplan. Krinsgrensene bør vere eit uttrykk for den vedtatte skulestrukturen i planen. Det vert rådd til at elevane frå Leiknes skule får Ostereidet som ungdomsskule, men at dei som ønskjer det kan søkje om plass på Knarvik ungdomsskule. Elevane vil få plass så lenge det er kapasitet til det. Elevane vil få innvilga skyssrett til Knarvik ungdomsskule. Endringa er lagt til i framlegg til ny lokal forskrift i § 4.

Det vert rådd til at elevane frå Kløvheim ikkje får rett til å velje mellom Eikanger og Ostereidet barneskular som skulestad. Det vil ikkje vere ei god løysing at elevar køyrer forbi den næraste skulen i sitt nærmiljø til ein annan skule i kommunen. Dette vil utfordre vedtatt skulestruktur. Elevar frå Kløvheim er del av Eikanger skulekrins og har Eikanger skule som sin nærskule.

Som følgje av barnehage- og skulebruksplanen blir elevane frå Myking del av Lindås barneskulekrins, elevane frå Austebygd blir del av Hordabø barneskulekrins og elevane frå Kløvheim blir del av Eikanger barneskulekrins. For dei andre krinsane er det ikkje foreslått endringar.

Det skal gjennomførast fleire moglegheitsstudiar knytt til fleire av skulane i Alver. Dette vil truleg medføre behov for å sjå på kringgrensene på nytt.